

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vedtek å gjennomføre ei stegvis utbygging av ny vassforsyning for Gursken/Gjerdsvika slik det går fram av søknad til Mattilsynet datert 25.01.2018 og elles godkjenning frå Mattilsynet 20 feb 2018.

Kostnaden med utbygginga (etappe 1) på ca kr 5 820 000,- jfr vedlagt kostnadsoverslag vert å finansiere over prosjektnummer 61 409 Vassplanen.

Tidlegare Kst sak 2017/296 Oppgradering av Gjerdsvika VBA vert dermed ikkje å gjennomføre.

Teknisk sektor får tilført ein stillingsressurs på 100 % stilling i utbyggingsperioden på 3 år
Kostnaden med stillingsressursen vert å finansiere over investeringa – prosjektnummer 61 409 vassplanen.

Det skal gjennomførast tvungen tilkobling til kommunale vassverk der den kommunale infrastrukturen ligg til rette for slike tilkoblingar. Dette for å unngå auke og mogeleg reduksjon i vassgebyret slik det går fram av oppsettet i sakutgreiinga

Endeleg val av framtidig vasskilde fir Gursken/Gjerdsvika vert å arbeide vidare med slik det går fram av søknad til Mattilsynet datert 25.01.2018

Protokolltilførsel frå Arnljot Muren, Ap:

Konsulentfirma Asplan Viak skal på kommunestyremøtet orientere om utarbeidd grunnlag for ny vassforsyning Gursken/Gjerdsvik.